



VOLDA KOMMUNE

Servicekontoret

Per Heltne

Arkivsak nr.	Løpenr.	Arkivkode	Avd/Sakshandsamar	Dato
2007/27	655/2007	L12	SVK/ AKE	24.01.2007

MELDING OM POLITISK VEDTAK - REGULERINGSPLAN FOR KVIVSVEGEN - E 39 GEITVIK - KALVATN

Vi melder med dette frå at KOMMUNESTYRET den 18.01.07, hadde føre ovannemnde som sak 10/07, der det vart gjort slikt vedtak:

- 1. I medhald av plan og bygningslova §27-2 og vert reguleringsplan for E39 - Kvivsvegen parsell Sogn og Fjordane grense til Getvika eigengodkjent, slik det framgår av plankart og føresegner sist datert 3.01.2007.*
- 2. Vedtak om eigengodkjenning er gjort under førestnad av at dispensasjon etter kulturminnelova §8 vert innvilga i samsvar med søknad datert 14.11.2006 frå Møre og Romsdal Fylke-kulturavdelinga, og eventuelle særvilkår knytt til frigjeving av kulturminne etter vedtak av Riksantikvaren skal innarbeidast i føresegnene til plan, jf. Gjeldande planføresegner- fellesføresegner § 4c.*
- 3. Eigengodkjenning av plan vert å sende Statens Vegvesen for innarbeiding av eigengodkjenningsvedtak i plankart og føresegner og kunngjering av planvedtak i samsvar med PBL §27-2 nr. 3.*
- 4. Volda kommune viser til merknader og innspel frå mellom anna landbruk- og viltforvaltning i Volda kommune og Møre og Romsdal fylke. Kommunestyret ber om at ein i det vidare arbeidet med detaljplan vektlegg omsyna til gode driftstilhøve og god terrengtilpassing for attverande jordbruksareal. Ein ber vidare om at omsynet til viltinteressene – paddetrekket, hjortetrekket og fugleinteressene i vassdraget – vert høgt prioritert; og at ein får til ei best mogeleg naturtilpassa avslutning mot vassdraget. Mellom anna må høgda på vegen der han ligg ute i/nær inntil vassdraget vurderast nøye med omsyn til bumiljø, kulturlandskap og fugleliv.*

Sakutgreiinga med vedlegg følgjer vedlagt.

Volda kommune, servicekontoret

Anne-Karin Egseth
sekretær

Kopi:
Statens Vegvesen, Region Midt, Fylkeshuset 6404 Molde
Møre og Romsdal fylke Fylkeshuset 6404 Molde
Landbruksavdeling, her
Kommunalteknisk avdeling, her
helseavdelinga
Kulturavdelinga, her
Kalvatn Grendautval
Austefjord Grendautval
Møre og Romsdal fylke Fylkeshuset 6404 Molde

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar Per Heltne

Arkivsak nr.: 2007/27

:

Arkivkode: L 12

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
4/07	Det faste planutvalet	15.01.2007
9/07	Kommunestyret	18.01.2007

Reguleringsplan for Kvivsvegen - E 39 Geitvik - Kalvatn

Administrasjonen si tilråding:

- 1. I medhald av plan og bygningslova §27-2 og vert reguleringsplan for E39 - Kvivsvegen parsell Sogn og Fjordane grense til Getvika eigengodkjent, slik det framgår av plankart og føresegner sist datert 3.01.2007.*
- 2. Vedtak om eigengodkjenning er gjort under førestnad av at dispensasjon etter kulturminnelova §8 vert innvilga i samsvar med søknad datert 14.11.2006 frå Møre og Romsdal Fylke-kulturavdelinga, og eventuelle særvilkår knytt til frigjeving av kulturminne etter vedtak av Riksantikvaren skal innarbeidast i føresegnene til plan, jf. Gjeldande planføresegner- fellesføresegner § 4c.*
- 3. Eigengodkjenning av plan vert å sende Statens Vegvesen for innarbeiding av eigengodkjenningsvedtak i plankart og føresegner og kunngjering av planvedtak i samsvar med PBL §27-2 nr. 3.*
- 4. Volda kommune viser til merknader og innspel frå landbruk og viltforvaltninga i kommunen, og frå M.R. Fylke, og ber om at ein i det vidare arbeid med detaljplan vektlegg omsyna til gode driftstilhøve, god terrengtilpassing for attverande jordbruksareal, best mogelege tiltak for å ivareta viltinteressene og ei naturtilpassa avslutning mot vassdraget.*

<<Skriv innstilling ovanfor denne teksten – ikkje slett denne meldinga – den kjem ikkje med på utskrifta>>

Handsaming

Gunnhild Humberset og Bjarte Humberset reiste spørsmål om dei var ugilde. Dei tok ikkje del i handsaminga av og røystinga over spørsmålet om ugildskap. Då ugildskapen var kjend på førehand, var Gunnhild Larsgård og Jan Henning Egset kalla inn, og dei tok sete.

Vedtak om ugildskap:

Gunnhild Humberstet vart samrøystes kjend ugild.

Bjarte Humberstet vart samrøystes kjend ugild.

SV v/Ingrid Opedal kom med fylgjande alternative framlegg til pkt. 4:

4. *Volda kommune viser til merknader og innspel frå mellom anna landbruk- og viltforvaltning i Volda kommune og Møre og Romsdal fylke. Kommunestyret ber om at ein i det vidare arbeidet med detaljplan vektlegg omsyna til gode driftstilhøve og god terrengtilpassing for attverande jordbruksareal. Ein ber vidare om at omsynet til viltinteressene – paddetrekking, hjortetrekking og fugleinteressene i vassdraget – vert høgt prioritert; og at ein får til ei best mogeleg naturtilpassa avslutning mot vassdraget. Mellom anna må høgda på vegen der han ligg ute i/nær inntil vassdraget vurderast nøye med omsyn til bumiljø, kulturlandskap og fugleliv.*

Røysting:

Administrasjonen si tilråding til pkt. 1, 2 og 3 fekk 8 røyster og vart vedteke. 1 røysta mot. Ved alternativ røysting mellom administrasjonen si tilråding til pkt. 4 og Ingrid Opedal sitt framlegg til pkt. 4, fekk Opedal sitt framlegg 8 røyster og vart vedteke. Administrasjonen si tilråding fekk 1 røyst og fall.

Tilråding frå Det faste planutvalet - 15.01.2007 til kommunestyret:

1. *I medhald av plan og bygningslova §27-2 og vert reguleringsplan for E39 - Kvivsvegen parsell Sogn og Fjordane grense til Getvika eigengodkjent, slik det framgår av plankart og føresegner sist datert 3.01.2007.*
2. *Vedtak om eigengodkjenning er gjort under førestnad av at dispensasjon etter kulturminnelova §8 vert innvilga i samsvar med søknad datert 14.11.2006 frå Møre og Romsdal Fylke-kulturavdelinga, og eventuelle særvilkår knytt til frigjeving av kulturminne etter vedtak av Riksantikvaren skal innarbeidast i føresegnene til plan, jf. Gjeldande planføresegner- fellesføresegner § 4c.*
3. *Eigengodkjenning av plan vert å sende Statens Vegvesen for innarbeiding av eigengodkjenningsvedtak i plankart og føresegner og kunngjering av planvedtak i samsvar med PBL §27-2 nr. 3.*
4. *Volda kommune viser til merknader og innspel frå mellom anna landbruk- og viltforvaltning i Volda kommune og Møre og Romsdal fylke. Kommunestyret ber om at ein i det vidare arbeidet med detaljplan vektlegg omsyna til gode driftstilhøve og god terrengtilpassing for attverande jordbruksareal. Ein ber vidare om at omsynet til viltinteressene – paddetrekking, hjortetrekking og fugleinteressene i vassdraget – vert høgt prioritert; og at ein får til ei best mogeleg naturtilpassa avslutning mot vassdraget. Mellom anna må høgda på vegen der han ligg ute i/nær inntil vassdraget vurderast nøye med omsyn til bumiljø, kulturlandskap og fugleliv.*

Handsaming

Fylgjande dokument vart utdelt på møtet:

Tilråding frå det faste planutvalet frå møte den 15.01.07.

Reguleringsføresegner etter justert planforslag dat. 03.01.07, brev frå Møre og Romsdal fylke dat. 17.01.07 m/vedlegg og brev frå planleggar Per Heltne til Møre og Romsdal fylke dat.

18.01.07. Tilråding frå det faste planutvalet frå møte den 15.01.07.

Tore Våde reiste spørsmål om han var ugild. Han tok ikkje del i handsaminga av og røystinga over spørsmålet om ugildskap. Atle Døssland var innkalla på førehand, og han tok sete.

Vedtak om ugildskap:

Tore Våde vart samrøystes kjend ugild.

Petra Humberstet kom med fylgjande framlegg til pkt. 4, tilsvarande administrasjonen si tilråding:

- 4. Volda kommune viser til merknader og innspel frå landbruk og viltforvaltninga i kommunen, og frå M.R. Fylke, og ber om at ein i det vidare arbeid med detaljplan vektlegg omsyna til gode driftstilhøve, god terrengtilpassing for attverande jordbruksareal, best mogelege tiltak for å ivareta viltinteressene og ei naturtilpassa avslutning mot vassdraget.*

FRP v/Jon Georg Dale kom med fylgjande oversendingsframlegg til administrasjonen:

Kommunestyret bed Tussa vurdere mulighetene for å legge kraftlinjene i reguleringsområdet i jordkabel i tilknytning til utbygging av Kvivsvegen.

Roger Nedreklepp kom med fylgjande oversendingsframlegg til administrasjonen:

Volda kommune tek initiativ til ei smidigare ordning for naustområdet på Nes, om dette eksempelvis kan løysast ved jordskifte.

Det vart halde gruppemøte i saka.

Prøverøysting:

Pkt. 1, 2 og 3 i det faste planutvalet fekk 21 røyster. 6 røysta mot.

Ved alternativ røysting mellom det faste planutvalet si tilråding til pkt. 4 og Petra Humberstet sitt framlegg til pkt. 4, fekk det faste planutvalet si tilråding 14 røyster. Petra Humberstet sitt framlegg fekk 13 røyster.

FRP v/Jon Georg Dale sitt oversendingsframlegg fekk 27 røyster. Ingen røysta mot.

Roger Nedreklepp sitt oversendingsframlegg fekk 14 røyster. 13 røysta mot.

Endeleg røysting:

Pkt. 1, 2 og 3 i det faste planutvalet fekk 23 røyster og vart vedteke. 4 røysta mot.

Ved alternativ røysting mellom det faste planutvalet si tilråding til pkt. 4 og Petra Humberstet sitt framlegg til pkt. 4, fekk det faste planutvalet si tilråding 27 røyster og vart vedteke. Petra Humberstet sitt framlegg fekk 0 røyster og fall.

FRP v/Jon Georg Dale sitt oversendingsframlegg vart samrøystes vedteke.

Roger Nedreklepp sitt oversendingsframlegg fekk 17 røyster og vart vedteke. 10 røysta mot.

Marthe Styve Holte og Arne Oddmund Torvik fekk permisjon kl. 17.45 og gjekk. Roald Arnold Espset tok sete som vara for Arne Oddmund Torvik.

Vedtak i Kommunestyret - 18.01.2007

- 1. I medhald av plan og bygningslova §27-2 og vert reguleringsplan for E39 - Kvivsvegen parsell Sogn og Fjordane grense til Getvika eigengodkjent, slik det framgår av plankart og føresegner sist datert 3.01.2007.*
- 2. Vedtak om eigengodkjenning er gjort under førestnad av at dispensasjon etter kulturminnelova §8 vert innvilga i samsvar med søknad datert 14.11.2006 frå Møre og Romsdal Fylke-kulturavdelinga, og eventuelle særvilkår knytt til frigjeving av kulturminne etter vedtak av Riksantikvaren skal innarbeidast i føresegnene til plan, jf. Gjeldande planføresegner- fellesføresegner § 4c.*
- 3. Eigengodkjenning av plan vert å sende Statens Vegvesen for innarbeiding av eigengodkjenningsvedtak i plankart og føresegner og kunngjering av planvedtak i samsvar med PBL §27-2 nr. 3.*
- 4. Volda kommune viser til merknader og innspel frå mellom anna landbruk- og viltforvaltning i Volda kommune og Møre og Romsdal fylke. Kommunestyret ber om at ein i det vidare arbeidet med detaljplan vektlegg omsyna til gode driftstilhøve og god terrengtilpassing for attverande jordbruksareal. Ein ber vidare om at omsynet til viltinteressene – paddetrekket, hjortetrekket og fugleinteressene i vassdraget – vert høgt prioritert; og at ein får til ei best mogleg naturtilpassa avslutning mot vassdraget. Mellom anna må høgda på vegen der han ligg ute i/nær inntil vassdraget vurderast nøye med omsyn til bumiljø, kulturlandskap og fugleliv.*

Vedtak som skal sendast over til administrasjonen:

Kommunestyret bed Tussa vurdere muligheitene for å legge kraftlinjene i reguleringsområdet i jordkabel i tilknytning til utbygging av Kvivsvegen.

Volda kommune tek initiativ til ei smidigare ordning for naustområdet på Nes, om dette eksempelvis kan løysast ved jordskifte.

Vedleggsliste:

Statens Vegvesen- brev datert 2.01.2007

Planhefte med planbeskrivelse, plankart og føresegner datert 2.01.2007

Merknader etter offentlig ettersyn i perioden 20.11 til 20.12.2006

Statens vegvesen brev av 2.11. 2006

Merknader etter offentlig ettersyn 26.juni til 21.august 2006

Møre og Romsdal Fylke, brev av 14.11.2006 – søknad om dispensasjon frå kulturminnelova §8.

Samandrag av saka:

Reguleringsplan for E39 Kvivsvegen, mellom S. Fj. grense og Geitvika er utarbeidd av Statens vegvesen med grunnlag i godkjent hovudplan for vegen og er fremja etter reglane i Plan og bygningslova §9- 4.

Planarbeidet er gjennomført i samsvar med reglane i PBL §27-1 og §9-3 og er gjennomført i nært samarbeid med kommunen.

Planoppstart vart kunngjort ved annonsering og tilskrivning av partar/fagorgan den 5.april 2005.

1.gong offentlig ettersyn vart gjennomført i perioden 26.06.2006 til 21.08.2006.

2. gong offentlig ettersyn vart gjennomført for del av plan (plankart 11/17, 12/17, 13/17, 14/17, og 17/17) i perioden 20.november til 20.desember 2006.

Nytt offentlig ettersyn for denne del av plan var i det vesentlege grunnlagt i varsla motsegn frå kulturvernmynde ut frå påviste arkeologiske funn i området på Nes.

Vegplanen vart her etter samråd med fagmynda i M.R. Fylke lagt om for å unngå konflikt med dei viktigaste påviste funn.

Det er også registrert andre funn av automatisk freda kulturminner i vegområda. Desse funna er ikkje vurdert som så viktige at dei krev omlegging av veglinja.

M.R. Fylke har såleis i brev av 14.11.2006 søkt Riksantikvaren, og tilrådd, at det vert gitt dispensasjon for frigjeving av desse.

Endeleg avklaring frå Riksantikvaren er forventa pr. 15.01.07, og der vilkår for eventuell frigjeving vil framgå.

Slike vilkår må innarbeidast i føresegner til plan, jf. Føresegnene § 4 pkt.c.

I tilråding til vedtak er det teke høgde for slik innarbeiding i føresegner, etter som vilkåra om dette alereie ligg i §4 c.

Med grunnlag i desse atterhalda i vedtaket kan plan eigengodkjennast i samsvar med reglane i PBL §27-2 nr. 1, slik ein no tilrår i saka.

Reguleringsplan for E-39 i Hornindal er eigengodkjent av Hornindal kommunestyre i desember 2006.

Godkjent reguleringsplan skal følgje søknad om godkjenning av finansieringsplan og søknad om delvis bompengefinansiering av prosjektet.

Saksopplysningar:

Med brev av 3.01.2007 frå Statens Vegvesen, har kommunen motteke justert framlegg til reguleringsplan for E39 Kvivsvegen, mellom S. Fj. grense og Geitvika slik det no framgår av plankart og føresegner datert 03.01.2007 og med tilhøyrande tekniske planar med m.a. støysonekart.

I brevet er det gitt ein gjennomgang og kommentar til merknader etter offentlig ettersyn for dei deler av plan som vart lagt ut til nytt (2.gong) offentlig ettersyn i november 2006, planområda frå Vindsåsen til Damfossen (Langvatn-Nes- Hjellbakkane- Aursnes m.m.- profil 16200 til 19200) og planområdet i Geitvika (profil 20700 til 21200).

Eg viser til kopi av brevet som ligg ved saman med dei merknader som er motteke i saka ved siste høyringsrunde.

Som det framgår av den gjennomgang som her er gjort er mykje av merknadane teke omsyn til og justert inn i plandokument sist datert 3.01.2007.

For resten av planområde er det berre gjennomført eit offentlig ettersyn, og eg viser til gjennomgang av merknader i tilknytning til desse i brev datert 2.11.2006 frå Statens Vegvesen. Eg viser til den gjennomgang og dei konklusjonar som her er gitt frå Statens Vegvesen si side og dei endringar som vart lagt inn i plankarta ut frå dette.

Som ein ser av desse to gjennomgangane (brev av 2.11.2006 og 3.01.2007) er mykje av innspela teke omsyn til og er justert i plankart og føresegner.

Ein heil del er og vurdert som aktuelle endringspunkt som ein vil kome attende til ved utarbeiding av byggeplan og i grunnforhandlingar.

Med atterhald om vilkår knytt til frigjeving av registrerte kulturminner er det no ikkje varsla motsegner til plan og denne kan eigengodkjennast av kommunen.

Ein del av innspela frå private grunneigarar og organisasjonar har ein ikkje funne å kunne imøtekomme fullt ut, vurdert ut frå behov for tiltak og økonomi i prosjektet.

Vurderingane er gjort i nært samarbeid med kommunen og eg finn å kunne gje tilslutning til dei konklusjonar som no er gjort i frå Statens Vegvesen.

Eg finn her og grunn til å vise til vedtak i DFP –sak 0067/06, den 13.11.2006, i samband med denne siste utlegginga til offentlig ettersyn. DFP gjennomførte også synfaring i samband med denne saka.

Eg finn grunn til å gje ei nærare vurdering av merknad frå M.R. Fylke vedkomande registrerte automatisk freda kulturminner.

Eg viser her og til brev datert 14.11.2006 til Riksantikvaren med søknad om frigjeving for desse funna.

Eg viser her til at vegplanen vart er lagd om etter samråd med fagmynda i M.R. Fylke for å unngå konflikt med dei viktigaste påviste funn, og at slik endring av plan er akseptert utan motsegn.

Det er imidlertid også registrert andre funn av automatisk freda kulturminner i vegområda.

Desse funna er ikkje vurdert som så viktige at dei krev omlegging av veglinja, og er av Kulturavdelinga tilrådd frigitt gjennom dispensasjon etter kulturminnelova §8.

Endeleg avklaring frå Riksantikvaren er av M.R.Fylke forventet pr. 15.01.07, og der vilkår for eventuell frigjeving vil framgå. Slike vilkår må innarbeidast i føresegner til plan, jf.

Føresegnene § 4 pkt.c.

Reguleringsplan for E-39 i Hornindal er eigengodkjent av Hornindal kommunestyre i desember 2006.

Tilsvarande vilkår er teke inn i plan for veganlegget i Sogn og Fjordane, for dei registrerte funn som der er gjort.

I vår tilråding til vedtak er det teke høgde for slik innarbeiding i føresegnene. Det er her grunn til å vise til at slike vilkår som generell føresegn ligg inne i føresegnene §4 c., og at ein har teke omsyn til dei tiltak som dette vil krevje ved utarbeiding av kostnadsoversyn for plan.

Ut frå det som er gjort i S. og Fj. Og med grunnlag i frigjevingssøknad er det naturleg at slikt tillegg til føresegner vil ha om lag slik ordlyd:

”Før det vert sett i verk tiltak skal det vgjennomførast arkeologisk gransking av dei automatisk freda kulturminna som er funne innanfor planområdet. Dette gjeld funn på : (opplisting av dei gnr/bnr og feltidentar som dette gjeld),.

I god tid før det vert sett i gang tiltak skal M.R. Fylke kontaktast for å fastsetje omfanget av den arkeologiske granskinga.”

Vurdering og konklusjon:

Ut frå omsyn til fremjing av bompengesøknad knytt til prosjektet og at dette skal vere heimla i godkjent reguleringsplan finn eg å kunne tilrå planen fremja for eigengodkjenning med eit slikt atterhald som her er gjort.

Eg viser her og til at ei endeleg avklaring frå Riksantikvaren av M.R. Fylke er forventa i løpet av januar 2007, og det atterhald og rom for justering av føresegnene til plan som ligg i vedtakstilrådinga pkt. 2.

Dette må og sjåast i samanheng med pkt 4c i føresegnen der det heiter:

”§ 4c Før det vert sett i gang arbeid på veganlegget, skal det utførast arkeologiske granskingar av dei automatisk freda kulturminna som ligg i vegen for utbyggingstiltaket. Alle kostnadene i samband med dei arkeologiske undersøkingane vert å bera av tiltakshavar. Møre og Romsdal fylke skal varslast i god tid før utbyggingstiltaket vert starta opp”

Med grunnlag i dette atterhaldet i vedtaket tilrår eg at plan vert fremja for eigengodkjenning i samsvar med reglane i PBL §27-2 nr. 1, jf tilrådinga i saka.

Ut over dette finn eg at ein no total sett har kome fram til ei planløyising der omsyn til vegstandard, terrengtilpassing og omsyn til den einskilde grunneigar som vert røyrd er søkt løyst gjennom gode prosessar og ved gode løysingar.

Ein del detaljar som kan ha stor verknad for den enkelte står att å løyse og er tenkt arbeid vidare med i høve til detaljering i byggeplan, og i dei grunnavtalar som skal etablerast.

I dette vidare arbeidet er det vesentleg at ein fylgjer opp dei føresetnader som ligg i plan om terrengbearbeiding av landbruksareal, etablering av gode driftstilhøve for den enkelte eigar/brukar og gode tilpassingar av veganlegget mot vassdraget, slik at avslutningane her både får ei naturtilpassa og miljøvenleg utforming, og vert gjort tilgjengeleg så langt dette er mogeleg.

Det må og etablerast eit nært samarbeid med viltmynde i kommune og på fylkesnivå som sikrar den dialog som er naudsynt for å få gjennomført dei aktuelle tiltak med omsyn til å ivareta viltinteressene i området i detaljutforming i byggeplan.

Jarle B. Krumsvik
Adm.sjef

Utskrift til:
Planseksjonen for kunngjøring av plan i samsvar med reglane i PBL §27-2 nr-3.

Kopi:
Statens Vegvesen, Region Midt, Fylkeshuset 6404 Molde Landbruksavdeling, her
Kommunalteknisk avdeling, her
helseavdelinga
Kulturavdelinga, her
Kalvatn Grendautval
Austefjord Grendautval